



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singsaas
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 34 40 06
Telefon ktr.: 22 34 40 37
Telefaks: 22 34 95 00

Telefon priv. : 22 28 68 80
Telefon priv. : 22 22 28 01

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 18. august 1995

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM FRAMOVER

Måndag 21. august er statsministeren i Haugesund. Kl. 12.00 talar ho på ope møte om eldrepolitikk, i Revyteltet i Sørhaugsgata. Kl. 17.00 opnar ho Filmfestivalen, i Edda kinosenter. Kl. 21.00 er ho gjest ved festivalmiddagen, på Rica Maritim Hotell.

Tysdag 22. august er statsministeren i Stavanger. Kl. 10.30 vitjar ho Eiganes helse- og sosialsenter. Kl. 12.00 vitjar ho Ramvigstunet sjukeheim, trygdebustad og servicesenter. Kl. 14.00 svarar statsministeren på spørsmål frå lesarar i Stavanger Aftenblad, saman med ordførarkandidat Brit Egaas Røen, i Aftenbladet sin redaksjon.

Onsdag 23. august kl. 12.00 talar statsministeren ved immatrikuleringshøgtida ved Norges Idrettshøgskole, Sognsvegen 220 i Oslo.

Fredag 25. august kl. 13.00 leiar statsministeren det første møtet i Styringsgruppa for kontakt med Nord-Norge, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere.

Styringsgruppa for kontakt til Nord-Norge er eit organ for politisk kontakt mellom dei sentrale styresmaktene og dei tre nordlegaste fylkeskommunane og Sametinget. Oppgåvene vil først og fremst vere å utveksle kontakt og erfaringar om utviklingstrekk som er viktige for verdiskapinga i Nord-Norge, og å drøfte næringsutviklinga i landsdelen - særleg når det gjeld reiseliv, austhandel og fiskeri.